



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED UTSLETT	
Om utslett	<p>Barn er, i mykje større grad enn vaksne, utsette for å utvikle ulike utslett. I nokre tilfelle kjenner ein til konkrete årsakar, men dei fleste typar utslett er spesifikke med uviss årsak.</p> <p>For barnehage/skule/SFO er nok det mest aktuelle utslettet å kjenne att i høve smittevern, vannkoppar – sjå separat tiltakskort</p> <p>Molluskar er ein annan smittsam sjukdom som gjev hudforandringar. Begge desse tilstandane skuldast virusinfeksjon.</p> <p>Brennkoppar er også ein smittsam sjukdom med hudforandringar med bakteriell årsak, sjå separat tiltakskort.</p> <p>Dersom ein er i tvil om kva som er årsaka til eit utslett bør lege konsulterast.</p>
Kan barnet få utslett fleire gonger?	Ja
Smittemåte	<p>Vannkoppar smittar gjennom lufta eller direkte kontakt med væske frå dei små blærene i utslettet. Viruset smittar svært lett frå 2 dagar før utslettet viser seg til småblærene har tørka inn (vanlegvis 5 dagar).</p> <p>Molluskar smitter via direkte kroppskontakt eller indirekte via for eksempel handkle.</p>
Symptom og teikn til smitte	<p>Vannkoppar fører til utslett med små blærer (vesiklar) som etter kvart spreiar seg til heile kroppen og klør.</p> <p>Det er også vanleg med feber og nedsett allmentilstand.</p> <p>Molluskar fører til utvikling av eit varierende tall små knutar i huda. Desse vil forsvinne av seg sjølv, men det kan ta tid.</p>
Tiltak ved utbrot av utslett	<ul style="list-style-type: none">• Det er vanskeleg å førebyggje vannkoppar då infeksjonen smitter svært lett og er smittsam førsjukdomen vert synleg.• Det anbefalast at barn med vannkoppar held seg borte frå barnehage/skule/SFO til utslettet har begynt å tørke inn (dette tek vanlegvis ca. 5 dagar)• Nå det gjeld molluskar er det ingen grunn til å halde barn med denne tilstanden heime frå barnehage/skule/SFO
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/hud-og-har/utslett-hos-barn	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekantoret